


Den dyraste salmeboka

09.01.2014



Det er opp til det einsskilde sokneråd å avgjera om den nye salmeboka skal innførast og tysdag kjem altså saka opp i Uskedalen. Prisen på boka er 339 kroner eller 299 kroner for ei pakke på 10. Det er Eide forlag som har hatt prosjektet og det er retta sterk kritikk mot forlaget på grunn av prisen ettersom Verbum folag opererte med 138 kroner for 5 år sidan. Heller ikkje Bibelselskapet forstår kvifor prisen er så høg.

Fyrsteutgåva av kyrkjelydsutgåva er trykt i eit moderat antall - 40 000. Forlaget har vore usikker på marknaden også fordi det no er ei overgangstid mellom papir og det digitale. Boka inneheld 899 salmenummer og er på 1455 sider.

Det er større sjangerbreidde i den nye salmeboka enn tidlegare salmebøker i kyrkja og 240 salmer er nye. Julekveldsvisa til Alf Prøysen er ein av dei, Vem har tent den stjernen av Erik Hillestad og Carola ein annan. Fleire salmar er frå systerkyrkjer i andre verdsdelar.

Av Ola Matti Mathisen